



Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Sakshandsamar: Margareth Olin Leivdal  
Telefon: 90665029  
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon  
Vår referanse: 15/9958  
Dykkar referanse: 2015/5346  
Vår dato: 27.07.2015  
Dykkar dato: 22.07.2015

Att: Vibeke Saure Lokøy

**UTTALE TIL EIDE FJORDBRUK AS 866751242 OG FYLLINGSNES FISK AS  
930387215 - SØKNAD OM AUKA AREAL PÅ LOKALITET 19655 OSPENESET,  
LINDÅS KOMMUNE I HORDALAND**

Vi viser til dykkar oversending av 22.07.2015 vedr. uttale av søknad om auka areal på akvakulturlokalitet Ospeneset nr. 19655 i Fensfjorden i Lindås kommune.

Opprinnelig søknad fra Eide Fjordbruk AS omhandler ei endring av anlegg fra stålanlegg til polarplastmerder med 6 ringar (i 100x100 m. rammer) utan endring av biomasse godkjennung på 3210 tonn MTB. Søkjar har med vedtak av 16.07.15 fra Lindås kommune fått godkjennung for å legge ut 3 av 6 ringar.

Resterande del av nytt anlegg samt fôrflåte med fortøyning og fôrslang vil kome utanfor regulert område til akvakultur og det vil såleis vere naudsynt med ein dispensasjon i arealplanen til Lindås kommune for heile det nye anlegget. Hordaland fylkeskommune viser til at søknaden fell inn under *forskrift om konsekvensutredninger for tiltak etter sektorlover FOR 2014-12-19-1758*

Fylkeskommunen har vurdert søknaden etter §3 i forskriften og kome fram til at tiltaket ikkje får vesentlege verknader for miljø eller samfunn.

Fiskeridirektoratet har hatt søknaden til uttale med Fiskarlaget Vest og dei har ikkje konkrete merknader til endring av anleggstruktur, men er oppteken av at fortøyningane ikkje må kome i konflikt med låseplassar som ligg i fjorden. Vidare hevdar Fiskarlaget Vest at det må sjåast på under eitt, anleggstetheit og miljøkonsekvensane i fylket og ikkje berre lokalitet for lokalitet. Sjå vedlegg.

## **Formål og planstatus**

Formålet med søknad om dispensasjon er å legge til rette for meir sikker og rasjonell drift ved lokaliteten ved å oppgradere anleggsstrukturen, i tillegg til at endringa vil medføre betre fiskehelse då fisken ikkje treng å stå tett, at det vert betre straumtilhøve og lågare smitefare mellom nøtene.

I kommuneplanens arealdel er området ved lokaliteten Ospeneset avsett til akvakultur, men deler av det nye oppdrettsanlegget til Eide Havbruk vil bli lokalisert utanom avsett sjøområde for akvakultur.

**Fiskeridirektoratet har registrert følgjande fiskeri- og akvakulturinteresser i området:**

**Akvakultur:**

Lokalitet Langøy, Laberget, Leirvika og Rekeviki

**Gyteområde:**

Lyngneset-Holsnøy, torsk

**Fiskeplassar aktive reiskapar:** Kvingo Einestrond, makrell

**Fiskeplassar passive reiskapar:** Nord av Kråka, lange, Hope, hyse  
Einestrond-Sørkvingevågen, lange og sei

**Låseplassar:**

Hodnelandsvågen

Hogneviki

Lindavågen

Søre Lotrebogane

Fiskeridirektoratet Region Vest kan ikkje sjå at ein dispensasjon frå arealdelen slik at heile det nye anlegget ved Ospeneset kjem innanfor område sett av til arealføremål akvakultur, vil påverke fiske og det marinemiljø på staden negativt. Søkjar viser til i sitt brev at lokalitet Ospeneset er ein av få lokalitetar der det har vore målt straum samanhengande gjennom eit heilt år. Desse målingane bekrefter at det er svært gode straumtilhøve for matfiskproduksjon på lokaliteten.

Eide Fjordbruk melder i brev av 2. juni 2015 at dei vil endre fortøyningane til anlegg og førflåte slik at desse blir liggande på same djupnekvote som dei gamle fortøyningane, slik at ein unngår brukskonflikt med fiske i fjorden. Det vil vere svært viktig at fortøyningane ikkje kjem i konflikt med bruk av låseplassane Hodnelandsvågen og Lindavågen som ligg aust og vest av Ospeneset.

## **Konklusjon**

Fiskeridirektoratet Region Vest føreset at utlegg av fortøyingar til nytt anlegg ikkje kjem i konflikt med bruk av låseplassar i området.

Når omsynet til låseplassar blir ivareteke, kan vi ikke sjå at endring av arealformål vil få vesentlege konsekvensar for dei interesser direktoratet skal ivareta. Vi har såleis ingen andre vesentlege merknader til endring av areal avsett til akvakultur på Osopeneset i Lindås kommune.

Med helsing

*Kari Morvik  
seksjonssjef*

*Margareth Olin Leivdal  
rådgjevar*

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift*

**Mottakarliste:**

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

Miljøvern- og  
klimaavdelinga

5020

BERGEN

Kystverket Vest

Plan- og  
Kystforvaltningsavd  
elingen

6025

ÅLESUND

Lindås Kommune

Kvernhusmyrane 20

5914

ISDALSTØ

Mattilsynet

Felles postmottak

2381

BRUMUNDDAL

**Vedlegg**

Fiskeriinteresser Fensfjorden

Eide Fjordbruk AS 866751242 og Fyllingsnes Fisk AS 930387215 - Uttale  
til søknad om endring av anlegg

KOP